



Protokoll

Årsmøte Skjåk Idrettslag

Tid og stad: Torsdag 19.mars 2026, Skjåk turistheim

Tilstade:

Gregor Ingar Gjerdet, Kathrine Brandsar, Kjell Erik Galde, Stine Leirmo, Elin Stasviken Sperstad, Karina Langleite, Lars Magne Åmodt, Edvard Kielland Mølmen, Ragnhild Helsa Breie, Stian Bøhle, Ola Aaboen, Lars Brennhaug, Hans Sæther, Sissel Frisvold, Lisbeth Rishheim, Tor Taraldsrud, Ragnhild Taraldsrud, Britt Helen Skoglund, Nina Kvalheim Kveum, Ola Soglo, Tor-André Hidemstrædet, Jim Torstein Berg, Astri Sveine Hov, Sondre Dalsegg

Saksliste:

1. Godkjenne dei stemmeberettiga medlemmane –
Elin har på førehånd sjekka kven av dei som var til stades som er stemmeberettiga.
2. Velge dirigent – *Elin*
3. Velge protokollfører – *Kathrine*
4. Velge to medlemmar til å underskrive protokollen – *Nina og Karina*
- 5: Godkjenne forretningsorden – *Godkjent.*
- 6: Godkjenne innkallinga - *Godkjent.*
- 7: Godkjenne saklista – *Godkjent.*
- 8: Behandle idrettslaget si årsberetning og gruppeårsmeldingar – *Godkjent.*

Hovudlaget og dagleg leiar: Kjell Erik informerte litt om hovudlaget sine oppgåver og kva vi har arbeidd med siste året.

DL har hatt møte med alle undergrupper. Fokus på at vi skal vere synlege i SoMe. DL informerte om forskjellig. Blant anna arbeidet med BUA, og kostnad ift. drift. Det er håp om få meir støtte til drift av denne utlånsordninga.

Det vert motbakkelop med Flækøyhøe upp i år også, men denne gongen er Flækøyhøe upp ein del av Norgescup som består av 6 løp.

Symjegruppa: Ragnhild H. Breie informerte om at det er same styret som i fjor. Året 2025 hadde full kursrekke, frå baby-symjing til vaksen-kurs. Bra påmelding generelt. Vaksen-kurs synte seg å vere populært.

Handlingsplan: Tilby full kursrekke (inkl. baby-og vaksen-kurs). Skal prøve å få gjennomført instruktørkurs seinare i 2026, samt prøvde å halde kurs for para-symjing ila hausten.

Dametrimmen: Ragnhild Taraldsrud informerte om at dei er i snitt 6-10 (mellom 50 og 80 år) på trening kvar gong. Eit fint lågterskeltilbod med plass til fleire.

Turn: Ola fortalte litt om fjorårets «happeninger». Turngruppa deltek årleg på turnstemne. I 2027 blir det arrangert barnekretsturnstemne i Skjåk 😊 Turngruppa har plan om å sende trenarar på treningskurs ila 2026.

Fotball: Sissel sa kort om kven som satt i styret frå i fjor. Har hatt store utgifter til dommarar. Vil prøve å arrangere dommarkurs i år, for å få rekruttert inn fleire.

Handball: Lisbeth fortalte om fjoråret, hadde 3 dugnader og eit svært vellykka loppemarknad. Fekk også ein bra sum frå Gjensidigestiftelsen. Dette har gjort at det er gratis medlemskontingent å vere med på handball i år.

Handlingsplan er ganske lik som tidlegare år. Skal sende j14 på Cup i Trondheim, samt j10 på cup i Stryn.

Ski: Lars informerte kort om fjorårets styre og renna som vart arrangert. Handlingsplanen for dette året har ikkje gått heilt som tenkt. Skigruppa hadde planlagt mange renn i år, 4 av 4 renn i Dønfoss avlyst pga føre. Måtte også avlyse ein del renn i Botn pga kulde. (Skigruppa køyrer opp eigne løyper i Dønfoss).

Padling, karate og kampsport: Stian informerte kort om at det ikkje vart noko særleg padling i fjor. Plan om å få i gang rulletrening innandørs, samt prøve å byggje eit større miljø.

Kampsportgruppa (bryting-og karate): Kampsport er i hovudsak «ungdom og vaksen-trening». Har i fjor fått oppgradert matte i hallen ved hjelp av DL.

Stian fortel at karate er meir retta mot barn og ungdom. Edvard fortalte kort om kva karate er, og at utøvarar skal fylgje eit graderingssystem. Edvard har sjølv teke kurs så han snart kan gradere etter krava som vert stilt.

Friidrett: Tor fortalte kort om kva treningar som har vorte gjort, og at det er trening kvar veke gjennom året (- ferietid). Handlingsplan for året er stort sett lik som 2025. Skal arrangere Skjåk-leikar i juni.

Barnetrimmen: Stine fortalte kort om kva dette er; Fri leik for born i barnehagealder.

Badminton: Astri fortalte at dette er eit lågterskeltilbod for ungdom og vaksen. Trening tysdagar og laurdagar. Har også fått til trening på søndagskveldar. Styret består av 3 stk.

Vaksenfotball/Old boys: Jim Torstein informerte om at dette er eit lågterskeltilbod. Stort sett bra oppmøte. Ca. 12 personar som deltek når det er innandørs, men har vore heilt opp til 24 personar ved utandørs trening. Har ikkje noko eige styre.

Innebandy: Tor-André sa kort at dette er eit lågterskeltilbod med varierende oppmøte. Alt frå 6-15 personar.

9: Behandle:

9.1 Idrettslaget sitt rekneskap - *Godkjent.*

Hans informerte og skrytte av alle grupper. Overskot på rekneskap i 2025, kontra minusresultat i 2024. Kommenterte også kort noter til rekneskap.

9.2 Behandle kontrollutvalget si beretning – *Godkjent.*

10: Behandle forslag og saker

10-1: Hovudlaget ynskjer eige styre for sykkelgruppa. -*Godkjent.*

10-2: Hovudlaget ynskjer å innføre løp utanfor bane som alternativ. -*Godkjent.*

10-3: Hovudlaget og skigruppa er samde om å melde oss ut av skiskyttarforbundet. -*Godkjent.*

10-4: Hovudlaget meiner at vi skal gå inn for å ikkje lengre ha vara i valkomitéen og kontrollutval. Hovudstyret vil også gå ned til 1 vara. -*Godkjent.*

Kommentar frå Hans om at det kanskje blir litt sårbart å ikkje ha vara i kontrollutvalet, dersom 1 person går ut av ukjend årsak. (Kontrollutvalet må bestå av to). Samde om at vi da evt. må ha ekstraordinært årsmøte for å få inn ny person.

11: Fastsette medlemskontingent og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsette treningsavgifter –. Hovudstyret går inn for å behalde medlemskontingenten slik den står i 2026. Lik pris som Lom II. -*Godkjent.*

Innføre treningskontingent i tillegg til medlemskontingent for vaksne på kr 200,-/år frå 2027. -*Godkjent.*

12: Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2026. -*Godkjent.*

13: Behandle idrettslaget sin organisasjonsplan – *Organisasjonskart Skjåk IL - Godkjent.*

14: Val

14.1: Hovedstyre

Leiar: Gregor Ingar Gjerdet

Nestleiar: Kathrine Brandsar

Styremedlemmar: Merete Dagsgard, Stine Leirmo, Kjell Erik Galde

Vara: Øyvind Teigen

Godkjent

14.2: Kontrollutvalg

Leiar: Tordis Brandsar

Medlem: Mari Prestjordet

Godkjent

14.3: Gje hovedstyret fullmakt til å bestemme kven som skal representere idrettslaget i Idrettsrådet og i andre samanhengar. Godkjent

Gje skistyret fullmakt til å bestemme kven som skal sitte i Skjåk Turløyper. Godkjent.

14.4: Valkomitè

Leiar: Ola Aaboen

Medlemmar: Britt Helen Skoglund og Anna Gubhage

Godkjent

14.5: Ola Aaboen las opp innstilling til styrer i dei ulike gruppene. – *Godkjent.*

Avslutning for årsmøte: Takk frå DL og leiar frå hovudlaget.


- Karina Langleite -


- Nina Kvalheim Kveum -